

MÅLLAGET I KRISTIANSAND

Protokoll frå årsmøtet tysdag 10. februar 2026, kl. 19.00

17 av lagsmedlemene møtte, inklusive styreleiar i Gyldenløves Gate 11 Eigedom AS.

Sak 1: Opning. Godkjenning av innkalling og sakliste

Leiaren, Hallvor Brunstad, ønskte velkomen til årsmøtet. Innkallinga og sakslista blei godkjende.

Sak 2: Val av møtestyrar

Hallvor Brunstad blei vald til møtestyrar.

Sak 3: Val av skrivar

Svein Slettan blei vald til møteskrivar.

Sak 4: Val av to til å skrive under årsmøteprotokollen

Kjellbjørg Auestad og Eiliv Ulvestad blei valde til å skrive under møteprotokollen.

Sak 5: Årsmelding for lagsdrifta i meldingsåret

Hallvor Brunstad las opp årsmeldinga. Det var ingen merknader.

Sak 6: Orientering frå Gyldenløves Gate 11 Eigedom AS (G11)

Vetle Mangseth, styreleiar i G11, orienterte. Det var ingen merknader frå årsmøtet til innhaldet, utover spørsmål til oppklaring. Folk var nøgde med det arbeidet som blir utført i G11.

Sak 7: Rekneskapen for lagsdrifta

Lagsrekneskapen for 2025, godkjend av revisor, blei gjennomgått av Solveig Lima. Det var ingen merknader, og årsmøtet godkjende rekneskapen.

Sak 8: Budsjett for 2026

Solveig Lima greidde ut om budsjettet for 2026. Det var ingen merknader, og årsmøtet godkjende budsjettet.

Sak 9: Innkomne framlegg

Det var ingen innkomne framlegg til årsmøtet.

Matøkt med diktlesing og fløytespel

Kake blei servert, saman med kaffi og te.

Møtelyden kunne så gle seg over to kulturinnslag – diktopplesing ved Maria Viken og blokkfløytespel ved Ingrid Nakling-Schnell.

Sak 10: Val

Valnemnda, ved Tobbi Kvaale, orienterte om innstillinga til val av styre (punkt a-c) .

a) Val av leiar

Leiar Hallvor Brunstad hadde fråsagt seg attval. Inga Lauvdal, nåverande nestleiar, stilte som ny leiarkandidat.

b) Val av fire styremedlemer

Tre av styremedlemene – Gyro Nesland Bjørnenak, Dag Olav Hagen og Svein Slettan – hadde fråsagt seg attval. Sidan Inga Lauvdal stilte som leiarkandidat, var det då behov for fire nye styremedlemer. Michael Schulte (1. varamedlem i 2025), Targeir Attestog (ny), Eiliv Ulvestad (ny), og Nora Tangen Aarskog (ny) stilte til val.

c) Val av to varafolk (1 år)

Ulrik Vikestad Thorsen, ny, stilte til val som 1. varamedlem, og Alf Holmelid, som har vore 2. varamedlem i 2025, stilte til val som det same for 2026.

Kandidatane til leiar, styremedlemer og varamedlemer blei alle valde med akklamasjon.

Styret for 2026 ser dermed slik ut (dei år dei er valde for, i parentes):

- Leiar: Inga Lauvdal (1 år)
- Styremedlem: Michael Schulte (2 år)
- Styremedlem: Targeir Attestog (2 år)
- Styremedlem: Eiliv Ulvestad (2 år)
- Styremedlem: Nora Tangen Aarskog (1 år)
- 1. varamedlem: Ulrik Vikestad Thorsen (1 år)
- 2. varamedlem: Alf Holmelid (1 år)

d) Val av revisor

Styret hadde spurt Louise M. Syrtveit om ho kunne vere revisor også for 2026. Ho var villig til det. Årsmøtet valde ho med akklamasjon for eitt år.

e) Val av seks utsendingar med varafolk til årsmøtet i Vest-Agder Mållag

Styret fekk fullmakt til å velje desse utsendingane og varafolka.

f) Val av tre utsendingar med varafolk til landsmøtet i Noregs Mållag

Styret fekk fullmakt til å velje desse utsendingane og varafolka.

g) Val av valnemnd

Den noverande valnemnda – Tobbi Kvaale, Kjellbjørg Auestad og Targeir Attestog – måtte erstattast med ei ny. Targeir Attestog gjekk inn i styret, medan Kjellbjørg Auestad og Tobbi Kvaale hadde fråsagt seg attval.

To nye medlemer av valnemnda blei valde for eitt år, med akklamasjon: Solveig Lima og Hallvor Brunstad. Styret fekk fullmakt til å finne ein tredje person til nemnda.

*

Avslutninga av møtet blei markert med blomsterverrekingar og ei helsing frå den nye leiaren, Inga Lauvdal.

Møtet slutt 21.00.

Kristiansand, 18. februar 2026

Referent: Svein Slettan

 Kjellbjørg Auestad	 Eiliv Ulvestad
---	--